

**SØKNAD TIL FYLKESMANNEN OM TILSKOT 2015**  
**FØREBYGGING AV UØNSKTE SVANGERSKAP OG ABORT –**  
**STRATEGIAR FOR BETRE SEKSUELL HELSE**  
**DEL 1 SAMLESKJEMA**

*Kommunar og andre lokale aktørar skal sende søknaden direkte til fylkesmannen i sitt fylke. Søknaden skal både sendast elektronisk og signert i posten.*

<b>1. SØKJAR</b>			
Ansvarleg institusjon/organisasjon:	Radøy kommune		
Postadresse:	Radøyvegen 1690	Organisasjonsnummer:	954 748 634
Postnr/stad:	5936 MANGER	Kontonummer:	3636.07.00776
Telefon/telefaks	56 34 90 00 / 01	Overføring skal merkast med:	Tilskot foreb sv skap
E-postadresse:	postmottak@radoy.kommune.no	Attestasjonsanvarleg:	Marit Johnsen
Nettadresse:	www.radoy.kommune.no	Tilvisingsansvarleg:	Johan Sandal

<b>2. OVERSIKT OVER OG PRIORITERING AV TILTAK/PROSJEKT</b>			
Prioritet:	Tiltak/prosjekt:	Totalkostnad (i 1.000 kr)	Søknadssum (i 1.000 kr)
1	Søknad om tilskot til førebygging av uønskete svangerskap og abort 2015	405 Per år i 3 år	325 Per år i 3 år
2			
3			
4			
5			
6			

7			
8			
	<b>Totalt:</b> (Sum for totalkostnad og søknadssum)		

### 3. UNDERSKRIFT

*Vi er kjende med at opplysningane i søknaden med vedlegg er grunnlag for tildeling av statstilskot og at tilskot ikkje vil bli utbetalt før eventuell rekneskap og rapport frå føregåande år er innsendt og godkjent av Fylkesmannen. Vi stadfestar at opplysningane i søknaden er korrekte, og at vi er kjende med vår plikt om å melde frå om eventuelle framtidige endringar som kan ha noko å seie for tilskotsvedtaket.*

Manger 20.jan 2015	Johan Fredrik Bøschen Sandal, kommunalsjef helse og omsorg
<b>Stad / dato</b>	<b>Ansvarleg</b>

**DEL 2 SØKNADSSKJEMA FOR KVART ENKELT  
TILTAK/PROSJEKT JF. PUNKT 2**

<b>TILTAK/PROSJEKT:</b>	<b>Førebygging av uønskte svangerskap og abort Radøy kommune</b>
-------------------------	--

<b>FINANSIERINGSPLAN:</b>	Spesifikasjon (bruk eige ark om nødvendig)	Beløp
<i>Statlege tilskot</i>		
<i>Fylkesmannen</i>	<b>Søknad om tilskot</b>	<b>325.000</b>
<i>Andre statlege organ(spesifiser)</i>		
<i>Andre finansieringskjelder (spesifiser)</i>	<b>Eigenfinansiering</b>	<b>80.000</b>

<b>BUDSJETT:</b>	Spesifikasjon (bruk eige ark om nødvendig)	Beløp
<i>Lønnsutgifter (må spesifiserast)</i>	<b>Lege 1,5 time per veke, + førebuing</b> <b>Utviding av helsesøstertilbod ved ungdomsskulen (+ 0,5 dag/veke)</b>	<b>50.000</b> <b>80.000</b>
<i>Inventar/utstyr (må spesifiserast)</i>	<b>Materiell, pc, rekvisita, informasjonsmateriell, anna utstyr</b>	<b>50.000</b>
<i>Driftsutgifter (må spesifiserast)</i>	<b>Frikjøp av eigne tilsette, utarbeidning av kartleggingsverktøy, planlegging</b>	<b>100.000</b>
<i>Aktivitetsutgifter (må spesifiserast)</i>	<b>Førebyggingsarbeid/førelesningar informasjon, innleige av eksterne førelesarar</b>	<b>75.000</b>
<i>Utgifter til evaluering</i>	<b>evalueringsarbeid, rapportering,</b>	<b>50.000</b>
<b><i>Sum:</i></b>		<b>405.000</b>

**Legg evt. ved eige oppsett for budsjettet**

# **Prosjektomtale**

## **Skildring av tiltaket**

Kommunen mottok i haust eit brev frå ungdomsrådet i kommunen med ynskje om å få plassert ein helsestasjon for ungdom på Manger (kommunesenteret), i ungdoms-klubben si opningstid. Fleire gode argument vart nemnd, men det viktigaste var nok det at den interkommunale helsestasjonen for ungdom i Knarvik var for langt unna for ungdomsskuleeleverne våre, og at dette tilbodet dermed ikkje vart brukt av denne gruppa. Tema som uønska graviditetar, prevensjon, psykisk helse og rus er sentrale også for våre ungdomar å få hjelp til.

Tiltaket tenker me delt i fire. Me tenker at me på følgande måtar vil bidra til auka kunnskap om seksualitet og handlingskompetanse i seksuelle situasjoner og relasjoner. Her har det kome innspel fra ungdomskoordinatoren vår at spesielt rundt dette er det manglende kunnskap. Me ynskjer også å auke tilgangen på tilbod om rådgjeving og veileding. Det å integrere seksuell helse i det lokale folkehelsearbeidet er viktig, og noko me arbeider for. Evalueringssarbeidet vert også viktig, og me ser for oss fleire interessante vinklingar her.

- 1.) Førebygging, informasjonsdel; der me ynskjer å hente inn eksterne forelesarar.  
Gjerne i ein forelesningsserie; som går over 1-3 dagar på ungdomsskuletrinnet, med alle trinn involvert. Kommunalsjef skule og oppvekst er involvert her.  
Foreldreinvolvering gjennom å også tilby forelesning med informasjon kring emnet ungdom, seksualitet og rus, og hovuddel med eksterne forelesarar; Korleis er unge i dag, kva kan foreldre venta seg? Korleis kan foreldre best møta ungdommen sin?  
Korleis har vi det i Radøy?
- 2.) 1,5 time/veke med helsestasjonslege på ungdomsskulen, i opningstida til ungdomsklubben.
- 3.) Eigenfinansiering; me aukar opp timetalet helsesøster er i ungdomsskulen sine lokale frå 0,5 dag/veke til 1 dag/veke.
- 4.) Evaluering; me vil lage ei elevundersøking før tiltaket vert sett i gang, for så å kunne gjenta undersøkinga undervegs. Me vil også hente inn tala frå årsrapportane til helsestasjon for ungdom i Knarvik og sjå om tala vedkomande Radøy sin del endrar seg noko. Aborttala er sjølv sagt interessante å sjå på.

## **Formål**

Tiltaket rettar seg mot begge dei overordna måla; reduksjon av aborttal, og bidra til at alle skal ha eit best mogeleg utgangspunkt for eit trygt seksualliv.

## **Kriterier for måloppnåing**

Me ynskjer å lage ei elevundersøking før tiltaket vert sett i gang, for så å kunne gjenta undersøkinga undervegs. Me vil også hente inn tala frå årsrapportane til helsestasjon for ungdom i Knarvik og sjå om tala vedr Radøy sin del endrar seg noko. Aborttala er interessante å sjå på også. Andre vinklingar ser me heller ikkje bort ifrå.

## **Tidsramme og framdriftsplan**

I første del av mars`15 vil ein kunne ha ei elevundersøking, og iverksetter tiltaket medio mars`15. Helsesøsters heile dag ved ungdomsskulen vår er allereie iverksett.

## **Faglege forankring**

Viser til veileder frå helsetilsynet vedr helsestasjon- og skolehelsetjenesten, kap.10.

## **Samarbeid og brukarmedverknad**

Helsesøster og helsestasjonslege og turnuslege vil jobbe på denne lokale helsestasjon for ungdom. Samstundes ser me på mogelegheita for å knytte sosionom/barne-og

ungdomsarbeidar/psyk.sjukepleiar til same tiltaket. Dette avdi ungdomsrådet tydeleg har signalisert eit behov for dette.

### **Prosjektansvarleg**

Kommuneoverlege Marit Johnsen, under spes. i allmenn- og samfunnsmedisin. Fastlege i nabokommunen.

### **Tilknytning til andre strategi- og plan dokument**

Plan for psykisk helse og rus er p.t. under utarbeidning, og ein kjem også der til å omtala born og unge spesielt. Denne planen er ein del av overordna helse og omsorgsplan i kommunen, som også er under utarbeidning.

### **Budsjett**

1.) Førebygging/info, eksterne forelesarar	75 000,-
2.) 1,5 lege time/veke (+førebuing/evt etterarbeid)	50 000,-
3.) Eigenfinansiering (auke helsesøster med10% stilling)	80 000,-
4.) Frikjøp av eigne tilsette, utarbeiding av kartleggingsverktøy, planlegging	100 000,-
5.) Evalueringsarbeid, rapportering	50.000,-
6.) <u>Materiell, pc, rekvisita., informasjonsmateriell, anna utstyr</u>	<u>50 000,-</u>
Totalsum prosjekt	<b>405.000,-</b>

Søknadssum blir dermed kr **325.000 per år**. Vi ønskjer å følgje 8.klasse frå hausten 2015 til dei går ut 10.klasse, og søker difor for 3 skuleår (2014-15, 2015-16 og 2016-17).

For Radøy kommune,

Johan Fredrik Bøschen Sandal  
Kommunalsjef helse og omsorg